

Formål:

Øygarden kommune gjev økonomisk støtte til lag, organisasjonar, velforeiningar, nærmiljøutval eller eldsjeler til vedlikehald, vidareutvikling og nyskaping i nærmiljøet, av for eksempel turstiar, sosiale møteplassar, aktivitetsområder m.m.

Alle tiltak som krev avklaringar med teknisk etat for bygging/dispensasjon/ m.m. skal vere avklart før ein søker om nærmiljømidlar. Søknaden vert ikkje tildelt tilskot om ein ikkje dokumenterer dette skriftleg.

Øygarden kommune støtter inntil kr: 50.000,-

(Større kostnadskrevjande prosjekt skal søkja om spelemidlar via kommunen, ta kontakt med kulturkontoret angående dette.)

Følgjande vedlegg skal vera med søknaden:

Situasjonsplan (anlegget teikna inn på kart) og teikningar som viser oppbygging av anlegget, kostnadsoverslag, finansieringsplan, plan for bruk

Søknaden må innhalda opplysningar om tiltaket, målgruppe, kostnadsoverslag, budsjett og finansieringsplan.

Det skal sendast inn rekneskap på bruk av tildelte midlar innan 6 månadar etter tildeling.

Kven kan søkja:

Både einskildpersonar, grupper, lag og-organisasjonar, velforeiningar, grenda lag og nærmiljøutvala.

På søknaden skal det påførast kva for nærmiljøutval søker høyrer til. Nærmiljøutvala vert høyringsinstans for prioriteringar i kvar einskild krins ved behov

Det er øyremerka stimuleringsmidlar til folkehelseiltak

– om det er tiltak til dette skal det kome fram i søknaden.

SØKNADSRIST; 8. mai

Søknadar som kjem inn etter fristen vert ikkje handsama.

Søknader skal vere elektroniske.

Utval for levekår handsamar søknadane.

Øygarden kommune abonnerer på Tilskotsportalen som er ein søk bar katalog med nærmare 3000 tilskotsordingar. Alle som bur i kommunen får gratis tilgang til denne, her er midlar på tilsaman 10 milliardar kroner- sjå www.tilkuddsportalen.no